

Årsmelding for Bjordal & Ortnevik sokneråd 2020

Desse sat i soknerådet i 2020 :

Sissel Sørebo, leiar, diakonikontakt og Kirkens Nødhjelp-kontakt
Joar Oppedal, nestleiar
Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo, Kenneth Førde, Åge Østerbo, vara Jon Nesheim og geistleg representant Andreas Ester/ Geir Sørebo.

Sissel Sørebo og Kenneth Førde representerer soknet i Høyanger kyrkjelege fellesråd.
Personlege vara er Alf M. Svartemyr og Ingunn Østerbo.

Liv-Gunnbjørg Søreide er soknerådet sin kasserar. Ho har ei lita godtgjersle frå fellesrådet.

Personalsituasjonen :

Sokneprest :	Andreas Ester delvis gjennom året. Geir Sørebo tilsett på deltid frå 1. jan.-1. mai og frå 1. sept. - 1. jan., han hadde i tillegg nokre tenester om sommaren.
Prost:	20. sept. vart Reidar Knapstad takka av og Knut Magne Nesse innsett som ny prost i Sunnfjord prosti.
Kantor:	Gerda Otterstein
Kyrkjelydspedagog:	Toril Lange
Kyrkjeverje:	Bjørnar Otterstein
Sekretær kyrkjekontor:	Katarina Vattekar
Kyrkjetenar: Bjordal	Norvald Bjordal
Ortnevik	Joar Oppedal

Klokkar i Bjordal og Ortnevik
og sekretær for soknerådet : Ann Iren Østerbo

Gudstenester:

Året har vore prega av koronapandemi med nedstenging av samfunnet frå 12. mars til juni, og restriksjonar når det gjeld tal personar i gudstenestene resten av året.

Det har vore 16 gudstenester i soknet. 5 færre enn for 2019 .
I alt var det 446 framkøtte (403 færre enn året før) og 51 nattverdsgjester (71 færre enn for 2019.)
4 av gudstenestene var familie- og barnegudstenester.
2 julaftangudstenester.
Det har vore friluftsgudsteneste på Sørebo (32), friluftsgudsteneste på Sande (22) og hausttakkefest på Massnes (25)

Elles har det vore 0 vigsler, 2 barnedåp og 5 gravferder.

Ved ofringar og gåver for mat kom det inn kr 21.048,- inkl. vipps og offer (kr 11.884,- mindre enn i 2019).

Av dette kr 7.245,- til eige arbeid.

Ved Kirkens Nødhjelps digitale fasteaksjon kom det inn kr 6.251,-.
Soknerådet v/leiar og kasserar har fått ansvaret for gåvekontoane til kyrkjene. Det står kr 58.236,- på konto til Ortnevik kyrkje og kr 10.449,- på Bjordal kyrkje sin konto.

Det har vore 2 andaktar v/Geir S. på Sørsida Bygdetun.

Det vart ikkje juletreff i Ikkjefjord dette året på grunn av pandemien.

Trusopplæring /barn og unge:

Bjordal & Ortnevik sokn har godkjent trusopplæringsplan.

Toril Lange har informert soknerådet via leiar, sekretær og trusopplæringsutval om trusopplæringstiltak og konfirmantopplegg.

Soknerådet vedtok eigenandel for konfirmantane på kr 800,- i 2020.

Toril Lange, Mari-Ann L. Fridtun, Åshild B. Søreide og Ann Iren Østerbø er med i trusopplæringsutvalet for Bjordal og Ortnevik. Dei har ikkje hatt møte dette året, men Toril Lange har halde kontakten per e-post og telefon og det har vore drøfta og planlagt trusopplæringstiltak deretter.

I 2020 har vi hatt desse tiltaka :

- Tårnagenthelg: tårnagentsamling fredag 28. februar og tårnagentgudsteneste søndag 1. mars : 2 born var med.
- 29. januar var det t-dag på Sørebo for 2.-5. klasse + Toril, Mari-Ann og Ann Iren
3 born fekk høyre forteljing om at Jesus gjer frisk.
- 29. sept. var det t-dag på Sørebo for 1.-6. klasse – 4 born fekk høyre om Sakkeus. Toril og Mari-Ann leia.
- 27. okt. var det trusopplæringsdag på Sørebo med tema Bartimeus – 4 barn + Toril, Mari- Ann og Ann Iren.
- 24. nov. var det t- dag på Sørebo for 1.-6. klasse. Tema var advent og jul. 6 born + Toril, Mari-Ann og Ann Iren.
Målgruppa er no så lita at vi prøver å legge til rette for at alle som har lyst, kan få vere med. Difor har vi hausten 2020 endra tidspunkt for t-dagane. No er det tysdagar rett etter skuletid slik at også dei som går på skule kvar dag, kan ha høve til å vere med.
Det har ikkje vore invitert til Tweens for 5.-7. klasse mellom anna pga nedstenginga.
- I august 2019 starta Camilla M. Ådland opp babysong i Ortnevik. Samlingane var anna kvar veke i grendahuset i bygda. I 2020 var det 3 samlingar i februar / mars med til saman 3 deltakande barn. Takk Camilla!
- I 2020 har det ikkje vore ungdomskveldar i Gamlebanken i Bjordal pga nedstenginga.
- I november 2019 starta Kenneth Førde med brettspelaktivitet i Gamlebanken, som var eit nytt tiltak for unge vaksne /18 + . I 2020 har det vore litt spel og mykje fjellturgåing, med gjennomsnittleg oppmøte 4 personar grunna covid-19.
Takk, Kenneth!

Mange takk til Dagny Bjordal for lån av lokalet i Gamlebanken. Ein god møteplass når vi ikkje har pandemi!

- Soknerådet delte ut 16 bøker m/påskehelsing til 10 barnefamiliar opp til 5. klasse.
Følgjande IKO-bøker vart delt ut:
Påske: Fortellinger for de minste (1-2 år)
Klistremerkebøker : Påske og Påsken med klistremerker. (3-6 år)
Påskeaktivetsboka: (2.-5. klasse)
Det vart ikkje utdelt Mi kyrkjebok 4 og 6 dette året.
Eitt barn fekk utdelt bok – Teikneseriebibelen - på hausttakkefesten.

Dette året var det ingen born frå soknet på NMSU leirar på Alværa. Soknerådet subsidierer alle leirar på Alværa med kr. 200,- pr. barn frå soknet vårt.

Takk til Sissel og Geir for tilrettelegging og gjestfriheit på Sørebo.

Dei siste åra har Bjordal & Ortnevik sokn fått nye innbyggjarar, også frå andre land. Alle er sjølvsagt velkomne sjølv om familien ikkje er medlem i Den norske kyrkja.

Konfirmantar:

Våren 2020: 4 konfirmantar.

Konfirmantane var med på konfirmanthelg på Alværa i januar.

Samtalegudstenesta vart flytta frå mars til juni, og konfirmasjonsgudstenesta vart flytta frå mai til september.

Det var 3 samlingar på Sørebo før nedstenginga. Etter påske hadde konfirmantane som oppgåve å gå påskevandringssløypa ved Bjordal kyrkje og svare på spørsmål i tilknytning til plansjane.

Dei jobba også med nettkonfirmant tema; eit opplegg frå Sjømannskyrkja.

Då ein på nytt kunne samlast i juni, var det ei samling i kyrkja for å førebu samtalegudstenesta.

Hovudansvarleg for konfirmantundervisninga var Toril Lange og Andreas Ester.

Hausten 2020: 4 konfirmantar.

Konfirmantane vart presenterte på gudsteneste i Bjordal 6. september, og har delteke på hausttakkefest på Massnes, konfirmanthelg på Alværa saman med Høyanger/Kyrkjebø/Vadheim, helgemesse og lysmesse.

Det har vore 3 samlingar rett etter skuletid i Ortnevik kyrkje på til saman 6 timar. I tillegg har det vore ei samling ein fredag med skulefri på 4 timar.

Ansvarleg for konfirmantane er Toril Lange og Ole M. Ådland.

Soknerådsarbeid elles:

Soknerådet har hatt 4 møte, av desse eitt telefonmøte, og det vart handsama 36 saker og 14 meldingssaker.

Soknerådet har vore med og hatt ansvar for mellom anna desse aktivitetane i året som gjekk:

- Hjelp med tårnagethelg.
- 1 hyggestund/ laurdag på Bygdetunet med eitt lokalhistorisk tema, andakt, dikt, quiz, song /trekkspelmusikk og mat. Diakonikontakt Sissel Sørebo og medhjelparar hadde ansvar for denne samlinga. Takk til Olav B. Bjordal som stiller opp med trekkspel kvar gong.
- Årsmøte for soknet var i Bjordal kyrkje etter gudstenesta 9. februar . Takk til Mari-Ann L. Fridtun som er soknerådet sin revisor.
- Dette året måtte det bli digital fasteaksjon for Kirkens Nødhjelp, og det kom inn kr. 6.251,-. Resultatet er lite, men vi trur ein del har gitt bidrag på andre måtar som ikkje er registrert på Bjordal og Ortnevik sokn. (Samla for heile landet kr. 20.937.926,-)
- I påsken var det eit spesielt tilpassa opplegg i kyrkjene p.g.a koronasituasjonen :
I Bjordal og Ortnevik kyrkje blei det ringt i kyrkjeklokkene palmelaurdag 4. april frå kl. 17-18. Ortnevik kyrkje var open denne timen. Soknerådsleiar Sissel sørge for vakt. Lysgloben var tent. Utanfor kyrkja var det sett opp «Påsketid-vandring» - kunstplakatar med bibeltekstar som hang på kyrkjeveggen i tre dagar.
Påskeaftan 11. april var det vanleg høgtidsringing mellom kl. 17.00-18.00 i begge kyrkjene.
Då var Bjordal kyrkje open og «Påsketid-vandring» var sett opp utanfor kyrkja. Lysgloben var tent, og Sissel var vakt inne og såg til at koronarestriksjonane blei haldne. På grunn av dårleg ver tok vi ned plansjane rett etter påske, men dei vart sette opp igjen og sto til over pinse.
- Ei veke i april var det kunngjort at ein kunne møte opp og gjere dugnad på kyrkjegarden i Bjordal. I Ortnevik hadde Joar ansvaret, og i Ikjefjord såg Ingunn til at alt såg greitt ut etter vinteren.
- Konfirmantane fekk blomster og jubileumshefte om kyrkja si frå kyrkjelyden på konfirmasjonsdagen.
- I 2018 vart Lavik kantori danna - eit kyrkjekor for sokna i Høyanger kommune.
Koret har 12 medlemmer , to frå sørsida, Mari- Ann L. Fridtun og Kjersti J. Søreide.

- Dette året har dei ikkje delteke med song her på sørsida på grunn av pandemien. Bjordal & Ortnevik sokn har sin eigen lokale kyrkjemusikalske plan.
- Dette året har det vore 2 kveldsmeditasjonar i Ortnevik kyrkje. Anders Brekke spelte på orgelet sitt 1 kveld og Ole M. Ådland på gitar 1 kveld. Sissel og Ole har lagt til rette for opplegget.
 - Det er viktig at alle har skyss til arrangement i kyrkjelyden. Takk til alle som fyller opp bilane sine. Spesielt takk til dei som har namnet sitt på ringeliste : Alf Magnar, Mari- Ann, Ann Iren, Liv- Gunnbjørg, Roald J., Bjørn R. og Arne/ Ingunn Ø.
 - Soknerådet har bidrege med ulikt stoff til kyrkjelydsbladet Helgestunder. Dette året blei det berre to utgåver, mot fire blad til vanleg.
 - Det har vore tilbod om enkel kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene. I tillegg var det middag på hausttakkefesten på Massnes.
 - Soknerådet gav i november uttale om kyrkjelydshus i Høyanger; Bjordal og Ortnevik sokneråd håpar det kan bli ein realitet at Høyanger sokn får eit tenleg kyrkjelydshus nær kyrkja.
 - Soknerådet har vedteke offerformål, og saman med sokneprest drøfta gudstenesteplan.
 - Sissel er soknerådet sin representant i ei gruppe i fellesrådsområdet som skal drøfte revidert liturgi for gudstenesta. Soknerådet må gjere vedtak i løpet av våren 2021.
 - Soknerådet vil følgje opp råda frå biskopen sitt visitasføredrag. Kyrkjelydskveldar var planlagt våren 2020, men p.g.a nedstenginga måtte dei avlysast.
 - I september 2018 starta soknerådet, pensjonistlaget og bygdekvinnelaget, i samarbeid med Dagny Bjordal, fredagstreff med litt servering kvar fredag i samband med serviceskyss frå lkjefjord og Søreide. Vi rakk ni samlingar i 2020 før nedstenginga 12.mars.
 - Soknerådet arrangerte ein flott og stemningsfull julekonsert i Ortnevik kyrkje 13. desember med Gerda Otterstein, Magne Sagerøy, Åse Ryssdal Sæther, Ole og Camilla M. Ådland, Anders og Eldar Brekke, Elena Søreide og Geir Søreid. 42 personar var tilstades.

Nettgudstenester

Det vart spelt inn fem lokale nettgudstenester i fellesrådsområde, to av dei frå vårt sokn. Seinare vart det med privat opptaksutstyr lagt ut sju korte gudstenester, deriblant frå kyrkjegarden i Bjordal, gard i Bjordal, frå Østerbøvatnet, frå Søreid og ved stavkyrkja til Anders Brekke i Ortnevik (17. mai). Eldre på Bygdetunet var spesielt takksame for desse lokale gudstenestene som vart vist på skjerm i stova deira.

Etter pinse og ut året har Geir Søreid kvar veke lagt ut god helg andaktar/ innleiing til søndagens tekst på nett (www.worshippinginthenature.com).

Misjonsprosjekt

Soknerådet held fram med samarbeidsavtale med NMS om prosjekt i Mali. Soknet har ei misjonsforeining, Bjordal misjonslag, som er knytt til NMS. Dei har ikkje hatt møte dette året på grunn av Covid19.

I «Bønnens hus» i Ortnevik har arbeidet gått sin gang heile året med tidebøner og forbøn. Takk til Ole og Camilla, Thea Elisabeth og John Eivind.

Vi takkar Andreas Ester og Geir Søreid for godt samarbeid.

Spesiell takk til Andreas som har vore presten vår her på sørsida sidan 2007. Vi ynskjer han alt godt, og lukke til i den nye prestestillinga på nordsida av kommunen.

Takk til Gerda Otterstein, Peter Jobaggy og Anders Brekke for vakker orgelmusikk.

Takk elles til alle som på ulike måtar har bidrege – det er av stor verdi.

På grunn av koronasituasjonen er gudstenester, trusoppplæringstiltak og soknerådsaktivitetar elles naturleg nok redusert. Men vi vonar og ber om ein ny vår - der ein får kontroll på pandemien og vi igjen kan møtast og halde oppe tenesta for Gud og medmenneske.

